

## **Tabell A-fk**

### **Utgiftsutjamning, fylkeskommunane**

Kolonne 9 viser sum utgiftsutjamning for den ein skilde fylkeskommune. Utjamninga består av omfordeling som følgje av skilnader i berekna utgiftsbehov (berekna i kolonnane 1–5) og omfordeling som følgje av korreksjonsordninga for statlege og private skular (berekna i kolonnane 6–8). Summen av utgiftsutjamninga er vidare nytta i tabell 2-fk, kolonne 2.

Berekninga av utgiftsutjamninga som blir presentert her er basert på innbyggjartalet per 1. juli 2014, og er dei endelege tala for omfordeling i utgiftsutjamninga i 2015.

### **Kolonne 1 – Indeks for berekna utgiftsbehov**

Utrekning av indeks for berekna utgiftsbehov er dokumentert i tabell D-fk. Ein indeks på 1 betyr at fylkeskommunen har eit berekna utgiftsbehov lik landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at fylkeskommunen har eit berekna utgiftsbehov som er respektive 10 pst. over og 10 pst. under landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell D-fk, kolonne 16.

### **Kolonne 2 – Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov per innbyggjar**

Utgiftsbehovet for 2015 er på landsbasis berekna til om lag 53,1 mrd. kroner, som utgjer 10 328 kroner per innbyggjar.

### **Kolonne 3 – Berekna utgiftsbehov i kroner per innbyggjar**

I kolonne 3 er gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov på landsbasis (kol. 2) multiplisert med indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 1) for kvar fylkeskommune, og vist i kroner per innbyggjar.

### **Kolonne 4 – Omfordeling per innbyggjar i fylkeskommunen**

Omfordeling per innbyggjar blir vist i kolonne 4, og kjem fram som differansen mellom kolonne 3 og kolonne 2.

### **Kolonne 5 – Samla omfordeling for fylkeskommunen (1000 kr)**

Omfordeling utanom korreksjonsordninga blir vist i kolonne 5, og er rekna ut ved omfordeling i kroner per innbyggjar (kol. 4) multiplisert med innbyggjartalet i fylkeskommunen per 1. juli 2014 (tabell E-fk, kol. 2).

### **Kolonne 6 – Trekk for elevar i statlege og private skular**

Fylkeskommunane får eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular. For ein nærare gjennomgang av korreksjonsordninga for statlege og private skular, sjå innleiingsteksten i Grønt hefte. Elevantala som ligg til grunn er gjennomsnittet av elevantala ved statlege og private skular per 1. oktober 2013 og 1. april 2014 (tal frå Kunnskapsdepartementet).

Treksatsane per elev for 2014:	
Vanleg undervisning	94 900
Gartnar- og landbruksskular	116 200
Spesialskular	268 400
Opphald	283 600

### **Kolonne 7 – Tilbakeføring av samla trekk**

Samla trekk for alle fylkeskommunar (landssum, kolonne 6) blir ført attende til den enkelte fylkeskommune etter fylkeskommunen sin del av utgiftsbehovet.

### **Kolonne 8 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular**

Kolonne 8 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 6 og 7.

### **Kolonne 9 – Sum utgiftsutjamning**

Utgiftsutjamninga, inkl. omfordeling for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 5 og kolonne 8. Talet blir nytta vidare i tabell 2-fk, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.